



KINN KOMMUNE  
Postboks 294  
6701 MÅLØY  
Att.Frode Ellingsund

## Rapport etter tilsyn med Kinn kommune

Kontrollnummer: 2024.342.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 5. desember 2024, med avløpsanlegga i Florø-Brandsøy tettbygde område i Kinn kommune (organisasjonsnummer: 974573210).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

### Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

#### Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Kommunen oppnår ikkje reinsekrava i løyvet
- Avvik 2: Prøvetakinga ved avløpsanlegga har manglar
- Avvik 3: Kommunen si miljørisikovurdering for avløpsområdet er ikkje oppdatert
- Avvik 4: Verknadsgrad for leidningsnett er ikkje rekna ut

Avvik er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Vi ser alvorleg på avvik 1 og 2.

#### Statsforvaltaren gav merknader

Vi har følgjande merknader:

- Merknad 1: Kommunen si avviksregistrering og -rapportering kan bli betre

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

## **Frist for tilbakemelding er 31. mars 2025.**

Kinn kommune må rette opp avvik snarast. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er eller vil bli retta innan 31. mars 2025. Gjennomføring av tiltaka vil bli følgd opp med nytt tilsyn.

I tillegg må kommunen sende inn opplysningar i samsvar med avsnitt «pålegg om opplysningar» under.

## **Vi ber om tilbakemelding på e-post**

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no) og merkar e-posten med 2020/4055.

## **De må betale gebyr**

Kinn kommune må betale eit gebyr på 50 400 kr for tilsynet.

## **Pålegg om opplysningar**

Kinn kommune må sende følgjande opplysningar til Statsforvaltaren:

- Oversikt over kor mange nye bustader og liknande som er under planlegging eller oppføring og som er planlagt tilknytt kommunale slamavskiljarar utan akkreditert prøvetaking dei komande åra. Vi ønskjer her tala fordelt per slamavskiljar.
  - o Kor mange av desse bustadane som har fått naudsynte tilknytingsløyve frå kommunen.
- Opplysningar om korleis kommunen vil gjennomføre tiltak for at utslepp frå ny busetnad skal vere lovlege, jf. avsnitt om plan- og bygningslova under punktet «andre tilhøve».
- Framdriftsplan som viser når ny hovudplan avløp vil bli ferdigstilt, jf. avsnitt om hovudplan avløp under punktet «andre tilhøve».

Pålegget er gitt med heimel i forureiningslova § 49.

## **De har rett til å klage**

De har rett til å klage på pålegg om opplysningar dersom de meiner at de ikkje har plikt eller løyve til å gi slike opplysningar. Ein klage bør grunngjevast, og han skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland seinast tre dagar etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 14. Ein klage kan vere både skriftleg og munnleg.

## **Del 2: Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving**

### **Avvik 1: Kommunen oppnår ikkje reinsekrava i løyvet**

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Utsleppsløyve for reinseanlegga, punkt 3.4
- Forureiningsforskrifta § 14-8

## Om krava

Reinseanlegga i Florø-Brandsøy tettbygde område har utslepp til mindre følsamt område, jf. forureiningsforskrifta kapittel 11, vedlegg 1 punkt 1.2, og er dermed omfatta av reinsekrava i forureiningsforskrifta § 14-8. Statsforvaltaren har i utsleppsløyvet av 7. juni 2016 gitt kommunen unntak frå krav om sekundærreinsing, jf. § 14-8 tredje ledd. Kommunen har difor krav om primærreinsing, jf. utsleppsløyvet punkt 3.4. Fristen for etablering av primærreinsing var 31. desember 2015, jf. forureiningsforskrifta § 14-17.

## Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Ingen av reinseanlegga i Florø-Brandsøy tettbygde område oppnådde reinsekrava i utsleppsløyvet i 2023.

### Stranda og Kanalen reinseanlegg oppnådde ikkje reinsekrava i 2023

Kanalen og Stranda reinseanlegg er anlegg som høvesvis bygd og ombygd for å kunne oppnå primærreinsing i løyvet. Verken Kanalen eller Stranda reinseanlegg oppnådde likevel reinsekrava i 2023. Ved gjennomgang av historiske måledata kjem det fram at begge anlegga har hatt utfordringar med å nå reinsekrava i fleire år. Stranda reinseanlegg oppnådde ikkje reinsekravet verken i 2020, 2021 eller 2022. Det har også vore utfordringar med Kanalen reinseanlegg, og anlegget har berre oppnådd reinsekravet i eit av åra (2021) sidan oppstarten i 2019.

### Kommunen kan ikkje dokumentere reinsegrad ved slamavskiljarane som skal vidareførast

Kommunen tar ikkje prøvar ved slamavskiljarane som er planlagt vidareført i Florø-Brandsøy tettbygde område, og kan difor ikkje dokumentere at desse slamavskiljarane oppnår reinsekrava i løyvet. Sjå avvik 2 under. Ifølgje kommunens årsrapport var tilførslane til desse anlegga i 2023 på totalt 2400 pe, og utgjorde dermed 24 % av utsleppa frå Florø-Brandsøy tettbygde område på 9862 pe<sup>1</sup>.

### Kommunen er forseinka med planlagt sanering og overføring av utslepp

Kommunen er forseinka etter eigen framdriftsplan og utsleppsløyvet, med sanering av utslepp ved Brandøyåsen Nord-Vest RD1, Kvalvågen RD4 og Nordnes RD5. Breivika RD 5 og Brendøyvegen/Kystmuseet RD9 er heller ikkje sanerte, men ifølgje kommunen sin framdriftsplan frå 2014 skulle desse anlegga først sanerast i 2025.

Fristen for etablering av primærreinsing var 31. desember 2015. Dette gjer at alle desse utsleppa er i brot med krav i forureiningsforskrifta. Anlegga som er planlagt men ikkje gjennomført sanert, utgjorde i slutten av 2023 utslepp på totalt 2366 pe<sup>1</sup>, og utgjer dermed 24 % av utsleppa frå Florø-Brandsøy tettbygde område på 9862 pe<sup>1</sup>.

## **Generelt om ny tilknytning til avløpsanlegg som ikkje kan dokumentere oppnåing av reinsekrav**

Ny tilknytning til avløpsanlegg som ikkje kan dokumentere at krava om primærreinsing er oppnådd, medfører fare for forureining utover det som er lovleg etter forskrift eller tillate etter vedtak, jf. forureiningslova § 7. I slike tilfelle har kommunen ei tiltaksplikt. Vi viser her til forureiningslova § 7 andre ledd som seier at når det er «fare for forureining i strid med lova eller vedtak av lova», skal den ansvarlege «sørge for tiltak for å hindre at den inntreer». Dette betyr at så lenge tilstrekkeleg reinsegrad

---

<sup>1</sup> Ifølgje kommunens årsrapport for 2023

ikkje kan dokumenterast, kan kommunen heller ikkje tillate nye påslepp til eksisterande reinseanlegg. Dette sidan ny tilknytning vil vere direkte i strid med tiltaksplikta i forureiningslova §7.

Utbygging av nye bustadområde vil også vere i strid med plan- og bygningslova § 27-2, som krev at avløpstilhøva skal vere sikra og handtert i samsvar med forureiningslova. Når det gjeld desse føresegnene er det kommunen sjølv som er styresmakt. Sjå også «andre tilhøve» i del 4 av rapporten.

## **Avvik 2: Prøvetakinga ved avløpsanlegga har manglar**

**Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket**

- Utsleppsløyvet punkt 3.5.1 og 3.5.2
- Forureiningsforskrifta §§ 14-10 og 14-11

### **Om krava**

Forureiningsforskrifta har krav om at utforming av reinseanlegg skal vere slik at det kan takast representative prøver av det tilførte avløpsvatnet og av reinsa avløpsvatn. Det skal også vere mogleg å ta målingar av mengde avløpsvatn, jf. § 14-10.

I samsvar med løyvet og forureiningsforskrifta skal det takast ut minst 6 prøver årleg ved dei mindre slamavskiljarane (anlegg mindre enn 1000 pe), og minst 12 prøver årleg ved dei større anlegga (Kanalen RA, Stranda RA<sup>2</sup> og Storåsen Sør).

Verksemder som utfører prøvetaking, derunder konservering, skal frå 31. desember 2008 vere akkreditert for prøvetakinga, eller ha eit tilsvarande kvalitetssikringssystem for prøvetaking godkjent av ei kvalifisert nøytral instans, jf. § 14-11. I utsleppsløyvet er det krav om at akkreditert prøvetaking skal gjennomførast for anlegga som skal vidareførast. Fristane er gitt etter 31. desember 2015 og gjeld difor ikkje lenger.

### **Observasjonar på tilsynet og vår vurdering**

#### Prøvetakinga ved Kanalen reinseanlegg har manglar

Kanalen reinseanlegg er framleis ikkje akkreditert, men er venta å bli akkreditert våren 2025. Ved førre tilsyn vart det informert om at anlegget skulle vere akkreditert innan våren 2022.

På tilsynet kom det også fram at det ikkje har blitt tatt erstatningsprøve ved Kanalen RA i dei tilfella der det oppstår feil under prøvetakinga. Dette gjer at det er tatt ut for få prøver ved reinseanlegget i 2024.

#### Kommunen gjennomfører ikkje akkreditert prøvetaking ved slamavskiljarar som ifølgje løyvet skal vidareførast:

Ingen av slamavskiljarane som ifølgje løyvet skal vidareførast (Havreneset Sør RD6, Gunhildvågen RD8, Storåsen RD9 og Brandøysundet RD14<sup>3</sup>), er oppgradert med utstyr for å kunne gjennomføre

---

<sup>2</sup> Kalla RD3 Sentrum i utsleppsløyvet

<sup>3</sup> På tilsynet kom det fram at kommunen har endra planar når det gjeld Brandøysundet RD14, og at dette anlegget vil bli sanert og overført til Kanalen, truleg i 2027.

akkreditert prøvetaking. Kommunen er langt på overtid med å etablere akkreditert prøvetaking både i høve til forskrifta sin frist 31. desember 2015, og i høve til eigen framdriftsplan frå 2014, der det var planlagt etablering av akkreditert prøvetaking ved dei aktuelle anlegga i 2017 og 2018.

Éin prøve er teke av slamavskiljaren ved Sørstranda RA, men prøvetakinga er ikkje akkreditert. Sjølv om det kan sjå ut som om slamavskiljaren oppnår reinsekrava, må både talet på prøver og kravet om akkreditert prøvetaking vere oppnådd. Éin prøve er i alle tilfelle alt for lite til å gje eit representativt bilete av korleis slamavskiljaren fungerer ved ulike tilhøve og om anlegget oppnår reinsekrava i løyvet.

Viktigheita av akkreditert prøvetaking har blitt peika på ved fleire høve tidlegare, mellom anna i vedtaksbrevet til løyvet og ved Statsforvaltaren sitt førre tilsyn i 2021.

I kommunen si tilbakemelding etter førre tilsyn kom det fram at kommunen hadde planar om gå bort frå opphaveleg plan om vidareføring av slamavskiljarane og at kommunen i staden ville etablere eitt eller to sekundæranlegg for heile det tettbygde området. Plan for dette skulle kome med ny hovudplan avløp som etter planen den gong skulle ferdigstillast i 2022. Kommunen har framleis ikkje vedtatt nokon ny hovudplan avløp, og det ligg heller ikkje føre nokon konkret framdriftsplan for etablering av sekundærreinsing i det tettbygde området.

Statsforvaltaren vil her informere om at vi ikkje har mynde til å gje unntak frå kravet om akkreditert prøvetaking, heller ikkje i tilfelle der anlegga er planlagt sanert innan få år. Sjå meir om dette under avsnittet «andre tilhøve» under. Vi vil også peike på at uansett om kommunen planlegg å sanere dei aktuelle anlegga, vil det truleg gå fleire år før desse anlegga faktisk vert sanert. Berre sidan førre tilsyn har det no gått tre år utan at noko har skjedd. Gitt ei knapp byggetid på to til tre år for nytt/nye sekundæranlegg vil det ha gått 5-6 år sidan avviket vart peika på første gong, og fristen for etablering av akkreditert prøvetaking som var satt i kommunens eigen framdriftsplan i 2014, vil vere overskride med totalt 10 år.

### **Avvik 3: Kommunen si miljørisikovurdering for avløpsområdet er ikkje oppdatert**

**Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket**

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7
- Utsleppsløyvet punkt 2.3

#### **Om krava**

I samsvar med internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og utsleppsløyvet punkt 2.3 skal kommunen ha ei oppdatert miljørisikovurdering for det totale avløpssystemet som utsleppsløyvet omfattar. Vurderinga skal kartlegge fare og problem med omsyn til ytre miljø, og kommunen skal på bakgrunn av dette vurdere risiko. På bakgrunn av risikoanalysen skal det utarbeidast handlingsplanar og tiltak skal gjennomførast for å redusera risikotilhøva.

Miljørisikovurderinga og tilhøyrande tiltaksplanar skal ifølge utsleppsløyvet oppdaterast jamleg og ved vesentlege endringar.

Utfyllande krav til miljørisikoanalysen går fram av utsleppsløyvet punkt 2.3.

### Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Kommunen har ei miljørisikovurdering for avløpsområdet, men risikovurderinga har ikkje blitt oppdatert på fleire år. På tilsynet vart det opplyst at siste oppdatering vart gjort i 2017.

Ifølge kommunens årsrapport for 2023, vart risikovurderinga sist oppdatert i 2019. Kommunen har dei seinare åra utført mange tiltak både på leidningsnett og reinseanlegg, og miljørisikovurderinga er difor truleg utdatert på fleire område.

Behovet for oppdatering av miljørisikovurderinga vart også peika på ved Statsforvaltaren sitt førre tilsyn med verksemda i 2021.

Ei oppdatert miljørisikovurdering bør inngå som eit sentralt grunnlagsdokument i den heilskaplege planlegginga av avløpsverksemda i kommunen, herunder ved utarbeiding av ny hovudplan avløp for kommunen. Sjå meir om hovudplan avløp under punktet «andre tilhøve» under.

### Avvik 4 : Verknadsgrad for leidningsnettet er ikkje rekna ut

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Utsleppsløyvet punkt 3.3.4

#### Om krava

Ifølge utsleppsløyvet punkt 3.3.4 skal verknadsgraden til avløpsnettet, det vil seie forholdet mellom mengde forureining som vert tilført anlegget og mengde som kjem fram til anlegget, dokumenterast. Dette skal gjerast ved at dei ulike kjeldene til tap blir utrekna eller vurderte kvalitativt. Frist i løyvet for dokumentasjon av verknadsgraden var 31. desember 2017.

Utslepp grunna feilkoplingar, stans i pumpestasjonar, lekkasje frå spillvassleidning til overvassleidning eller utslepp som kjem av tilstoppingar skal ikkje redusere verknadsgraden i avløpsnettet på meir enn 5 % over året fram til 31.12.2025 og deretter maksimalt 3 %.

### Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Kommunen har tidsregistrering ved alle overløpspunkt og har også anslått størrelsen på lekkasje frå avløpsanlegga i ulike deler av det tettbygde området med utgangspunkt i opplysningar som alder og type materiale. Kommunen har likevel ikkje gjort utrekningar av den samla verknadsgraden til avløpsnettet. Kommunen har heller ikkje gjort vurderingar av om det nemnte prosentkravet til verknadsgraden vert møtt.

### Merknad 1: Kommunen si avviksregistrering og - rapportering kan bli betre

#### Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Kinn kommune brukar det digitale avvikssystemet Compilo. Driftsavvik vert registrert i driftssystemet FDV. På tilsynet kom det fram at kommunen ikkje har avklart/ikkje har ei skriftleg rutine for kva som skal registrerast som avvik på ytre miljø i avvikssystemet. Mellom anna hadde kommunen ikkje avklart når, om og korleis avvik frå reinsekrav skal registrerast. Det same gjaldt når pumpestopp/overløp skal registrerast som avvik.

Statsforvaltaren meiner det er viktig at avvik som t.d. avvik frå reinsekrav vert registrert i avvikssystemet. Dette fordi registreringane vil ha verdi i samband med kommunen sin planlegging

og prioritering av tiltak på avløpsområdet, som ved utarbeiding av miljørisikovurderingar, hovudplan avløp og meir detaljerte tiltaksplanar. Registreringane vil også kunne vere nyttige ved rapportering til kommuneleiinga om behov for tiltak og investeringar.

### **Vedtak om gebyr**

Statsforvaltaren vedtar at Kinn kommune må betale eit gebyr på 50 400 kr for tilsynet. Dette svarar til sats gebyrsats 1 for tilsyn av inntil ein dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 7. august 2024 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

### **De har rett til å klage**

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## **Del 3: Informasjon om tilsynet**

### **Gjennomføring av tilsynet**

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Anette Heggøy
- Elisabeth Sveen Eikenes

Kontaktperson hos verksemda:

- Frode Ellingsund

### **Anlegg**

Følgjande av verksemda sine anlegg vart kontrollerte under tilsynet:

- Avløpsanlegga i Florø-Brandsøy tettbygde område

## Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- Utslepp til vatn, reinseanlegg og prøvetaking
- kommunal planlegging
- leidningsnett
- internkontroll, inkl. risikovurdering, rutinar og avviksbehandling

## Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- internkontrollforskrifta
- vassforskrifta

## Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve:

- Leidningskart for avløpsanlegga
- Statusrapport for utførte tiltak på avløpsanlegga
- Excelark med oversikt over planlagde investeringar på avløpsområdet
- Excelark med oversikt over reinseresultat ved Kanalen og Stranda RA
- Avvikssystemet Compilo og skriftleg rutine for avviksregistrering
- Rapport frå resipientovervakinga gjennomført i 2023

## Del 4: Annan informasjon

### Andre tilhøve

#### Om vidare utbygging i Florø-Brandsøy tettbygde område

Fristane for å oppnå primærreinsing for utsleppa frå Florø-Brandsøy tettbygde område gjekk ut i desember 2015. I dei områda i det tettbygde området der kommunen ikkje kan dokumentere at primærreinskravet er nådd og dermed i samsvar med forureiningsregelverket, vil ny tilknytning vere i strid også med plan- og bygningslova § 27-2.

Vi viser her til § 27-2 første ledd, som seier at «*før opprettelse eller endring av eigedom til bebyggelse eller oppføring av bygning blir godkjent, skal bortledning av avløpsvann være sikret og i samsvar med forurensningsloven*»

Vi ber om ei tilbakemelding om kva tiltak kommunen som mynde etter plan- og bygningslova, vil gjennomføre for at utslepp frå ny busetnad skal vere lovlege. Sjå pålegg om opplysningar i del 1 i rapporten.



### **Om unntak frå krav om akkreditert prøvetaking**

Statsforvaltaren har ikkje mynde til å gje unntak frå kravet om akkreditert prøvetaking, heller ikkje i tilfelle der anlegga er planlagt sanert innan få år. Forureiningsforskrifta kapittel 14 har ingen unntaksføresegner når det gjeld kravet til akkreditert prøvetaking. Eventuelle unntak frå kravet om akkreditert prøvetaking må difor avgjerast etter dei generelle unntaksføresegnene i forureiningsforskrifta § 41-4. Her står det at Miljødirektoratet kan gjere unntak frå forureiningsforskrifta innanfor sitt myndigheitsområde. Statsforvaltaren er ikkje gitt myndigheit til å gje unntak etter denne føresegna. Ein søknad om unntak frå krava om akkreditert prøvetaking må difor rettast til Miljødirektoratet.

Vi vil her likevel informere om at andre reinseanlegg i tilsvarande situasjon ikkje har fått innvilga søknad om unntak frå akkreditert prøvetaking. Sjå vedlagt avgjersle frå Miljødirektoratet frå oktober 2024. I avgjersla på søknaden skriv Miljødirektoratet at unntaksføresegna i § 41-4 i forureiningsforskrifta ikkje skal brukast til å lovleggjere brot på krav i løyve og forskrift. Vidare legg direktoratet vekt på likebehandling mellom anlegg, og viser til at kravet om akkreditert prøvetaking er viktig for å sikre at prøvetakinga held god nok kvalitet. I tillegg skal kravet sikre at verksemda har kunnskap om og kontroll på om dei overheld krav i forskrift og løyve.

### **Framtidige planar for Florø-Brandsøy tettbygde område**

Kinn kommune er kjent med at EUs reviderte avløpsdirektiv vil medføre at Florø-Brandsøy tettbygde område truleg vil få krav om sekundærreinsing i nær framtid. Direktivet vart vedtatt i EU i november 2024. Direktivet er no også publisert i *Official Journal of EU* og trer dermed i kraft 1. januar 2025<sup>4,5</sup>. Kommunen har vedtatt ny reguleringsplan og satt av areal til nytt reinseanlegg i Gunhildvågen. Anlegget vil truleg få utslepp til Solheimsfjorden som er rekna som best eigna resipient. Det er endå ikkje avgjort om det skal byggast eitt eller to nye reinseanlegg, og om Kanalen reinseanlegg skal vidareførast og oppgraderast til sekundæranlegg i tillegg til anlegget i Gunhildvågen.

Kinn kommune har inngått eit samarbeid med Renasys i Sunnfjord som er i gang med å teste ein ny type avløpsreinseanlegg i form av eit pilotanlegg i tilknytning til Øyrane reinseanlegg. Kommunen har ein konkret plan om å etablere eit liknande pilotanlegg ved Stranda reinseanlegg våren 2025. Anlegget skal etter planen ta i mot heile avløpsstraumen inn til Stranda reinseanlegg. Det er ikkje avklart om dagens sil skal inngå som reinsetrinn eller ikkje.

Statsforvaltaren minner om at krav til akkreditert prøvetaking må ivaretakast ved pilotanlegget.

Statsforvaltaren minner også om at etablering av sekundærreinsing i staden for primærreinsing i det tettbygde området krev nytt utsleppsløyve frå Statsforvaltaren. Kommunen må då sende inn ny utsleppssøknad til Statsforvaltaren.

### **Hovudplan avløp**

I samband med Statsforvaltaren sitt tilsyn i 2021, vart det opplyst at Kinn kommune skulle oppdatere Hovudplan for vassforsyning og avløp 2017-2025, og at arbeidet skulle starte opp i 2021. På tilsynet i desember 2024 vart det opplyst at kommunen framleis ikkje er i mål med dette arbeidet, og opphøveleg hovudplan frå 2017 framleis er den planen kommunen forhold seg til.

---

<sup>4</sup> [Official Journal L series daily view - EUR-Lex](#)

<sup>5</sup> [Directive - EU - 2024/3019 - EN - EUR-Lex](#)

Statsforvaltaren vil peike på at det å ha ein oppdatert og gjeldande hovudplan for avløp er viktig for å sikre heilskapleg planlegging og politisk forankring av avløpsverksemda i kommunen. Sidan gjeldande hovudplan går ut i 2025, oppfordrar Statsforvaltaren kommunen til å ferdigstille ny hovudplan så snart som råd.

Vi ber om å få oversendt planlagt framdrift for arbeidet med ny hovudplan avløp, sjå pålegg om opplysningar i del 1 av rapporten.

### **Resipientovervaking**

Kinn kommune deltok på felles overvåkingsprogram ved Florø og omkringliggjande vassførekomstar i 2023. Programmet er koordinert av Statsforvaltaren i Vestland og vart gjennomført av STIM Miljø. Overvåkingsprogrammet inkluderte prøvetaking i relevante klassifiseringspunkt og i næsonen til dei fleste av utsleppspunkta for avløpsanlegga i Florø-Brandsøy tettbygde område. Resultata visar redusert økologisk tilstand i fleire av næsonepunkta til utsleppa, men god eller svært god økologisk tilstand i alle klassifiseringspunkta lengre unna utsleppspunkta. Med omsyn til miljøgifter viser resultata redusert tilstand i fleire av både klassifiseringspunkta og næsonepunkta. Når det gjeld dei forhøga konsentrasjonane av miljøgifter, skuldast dette truleg ikkje berre avløpsutsleppa, men også i stor grad utslepp frå andre aktivitetar i området.

Overvåkingsprogrammet inkluderer ingen næsonepunkt til utsleppa frå Stranda reinseanlegg. Dette bør inkluderast ved neste overvåkingsrunde.

### **De kan kommentere på rapporten**

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

### **Rapporten er offentleg**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på [www.einnsyn.no](http://www.einnsyn.no), i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

Med helsing

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Anette Heggøy  
senioringeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1 Svar på søknad om unntak fra krav om akkreditert prøvetaking

Kopi til:

Kinn kommune v/Frode Ellingsund